

Forslag til endringsforskrift til forskrift om opptak til høgare utdanning

Forslag til endring i § 4-7 første ledd.

§ 4-7. Spesielle opptakskrav til lærarutdanningar

- (1) *Grunnskulelærarutdanning og 5-årig lektorutdanning* har krav om at søkjarar må dokumentere enten minimum 35 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 4,0 i fellesfaget matematikk (224 timar) *eller minimum 40 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 3,0 i fellesfaget matematikk (224 timar)*. Karakterkravet i matematikk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i matematikk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarende. Søkjarar kan i tillegg måtte gjennomføre ein opptaksprøve i form av eit intervju etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

For søkjarar som har samisk som førstespråk eller andrespråk, gjeld karakterkravet i norsk for gjennomsnittet av karakterane i norsk (309 timar) og samisk (309 timar).

For søkjarar som har norsk teiknspråk, kvensk eller finsk som andrespråk, gjeld karakterkravet i norsk gjennomsnittet av karakterane i første- og andrespråket.

For søkjarar til grunnskulelærarutdanning ved Samisk høgskole gjeld i tillegg krava som er fastsette i § 4-10.

Forslag til endringsforskrift til forskrift om rammeplan for lærerutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13

§ 3. Struktur og innhold for lærerutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13

- (9) Studenter som velger matematikk som fag II eller III, må møte *krav om minimum karakter 4,0 i fellesfaget matematikk (224 timer)*. ~~som gjelder for opptak til grunnskulelærarutdanning og lektorutdanning.~~ Karakterkravet i matematikk gjelder ikke for studenter som kan dokumentere bestått programfag i matematikk med et omfang på minst 140 timer eller tilsvarende.